

Austrheim kommune
Sætre marka 2

5943 AUSTRHEIM

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Vår referanse: 16/5042
Dykkar referanse: 14/202 - 16/2843
Vår dato: 27.06.2016
Dykkar dato: 13.04.2016

Att:

AUSTRHEIM KOMMUNE HORDALAND - OFFENTLEG HØYRING OG ETTERSYN KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL 2016-2027 - UTTALE

Vi viser til brev av 13.04.2016 frå Austrheim kommune med offentleg høyring og ettersyn av forslag til kommuneplanen sin arealdel 2017 – 2027.

Fiskeridirektoratet region vest har gjeve fråsegn i samband med høyring av planprogram i 2013. Vi viser her til vår brev av 06.05.2013 der vi legg vekt på at kommunen sett av tilstrekkelig areal til fiskeri og havbruk, og teke vare på dei marine ressursområda. Vi har følgjande merknader til forslag til arealplan:

- *Ferdsel og Fiske i planforslaget*

Vi registrerer at det er sett av særleg store ferdselområde (synt som Ferdsel på plankartet) i kring både hovudlei og bilei (synt som 'Farlei' på plankartet).

Fiskeri og sjøtrafikk er formål som i dei fleste høve lar seg godt kombinere, og vi ber derfor om at fiske vert tatt med i kombinasjon med ferdsel for å sikre tilstrekkelig areal for fiske i sjøområda. I planførsegna til ferdsel og farlei må det eintydig fram at fiske kan gå føre seg til utan hinder og risiko for sjøtrafikk i hovud- og bilei. Vi viser elles til reglar om aktsemd, lås og stengsetjing, §24 og §27 i Havressurslova under kap. 5 Orden på haustingsfelt, erstatning, lokale reguleringar og utval.

- *Akvakultur i planforslaget*

Det er etablert to akvakulturanlegg med løyve til oppdrett av matfisk av laks og aure i Austrheim kommune, lokalitet 30559 Øksneset og lokalitet 11756 Allersholmen. På plankartet er einaste område der akvakultur er arealføremål i Børildosen, der anlegget ved lokalitet Øksneset er etablert.

Lokalitet Allersholmen vert liggjande utafør sjøareal planlagt for akvakultur i planforslaget. Jf Akvakulturloven § 15 kan ikkje løyve til akvakultur gjevast i strid

med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova. I praksis vil dette medføre at eventuelle endringar av anlegget på lokalitet Allersholmen som medfører endra arealbruk vil vere i strid med kommunen sin arealplan.

Akvakultur er ei dynamisk næring der det over tid oppstår trong for endring av anlegg, forflåte og fortøyingssystem. Fiskeridirektoratet skal medvirke til at kommunen set av tilstrekkelig areal for havbruksnæringa bla. ved å sikre framtidig drift og utvikling ved etablerte lokaliteter. Vi oppmodar derfor kommunen om å sette av tilstrekkelig areal for akvakultur ikring lokalitet 11756 Allersholmen som sikrer drifta i dag og i framtida.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Austrheim kommune	Sætremarka 2	5943	AUSTRHEIM
-------------------	--------------	------	-----------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL